



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Bruk av snøscooter til fornøyleskøyning - høyringsfråsegn til foreslått lov- og forskriftsending

Vi viser til høyringsframlegg av 10.07.2014 der det vert foreslått å endre lov og forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag slik at det kan etablerast snøscooterløyper for fornøyleskøyning.

Innleiingsvis vil vi peike på at det så langt har vore store utfordringar knytt til bruk av snøscooter også i Møre og Romsdal, her under irregulær køyning i sårbare område. Ein klar føresetnad for at denne nyordninga vert vellukka, vil vere at slik ulovleg køyning forsvinn. Vidare vert det viktig å kunne innpasse fornøyleskøyninga med friluftsliv, vilt og anna naturmangfald. Fylkesmannen vil peike på nokre forhold:

Villreinområde

Vi legg merke til at ikkje alle villreinområde skal takast ut av område for løyper, berre dei nasjonale villreinområda (*forskr. § 4, a*). Villreinen er ein norsk ansvarsart, og det er viktig å ta ekstra godt vare på dei små områda som ikkje er nasjonale villreinområde. Dette er gjerne randområde som er isolerte frå hovudområda, og område der ein lokalt har forsøkt å få reetablert villrein. Oppstyking og press på leveområda til desse småstammene er svært uheldig, og mykje av køyninga vil venteleg skje på ettervinter og tidleg vår. Dette kjem på ei sårbar tid for reinen, med reduserte kroppsreservar og kommande kalving. Vi tilrår at alle villreinområda vert unnateke ordninga.

Tryggleik

Det har mest årleg vore tragiske ulykker med snøscooter. Dette gjeld velt, utforkøyningar og utløyning av ras. Dette har gjerne skjedd i samband med motbakkekøyning eller i anna køyning i ulendt terreng. Kommunane må ta eit ansvar for tryggleiken ved utlegging av løyper.

Tekniske krav m.v.

Snøscooterparken er svært variert m.t.p. motorstyrke og tilhøyrande ytelse. Utnytting av maksimal fart i løypene vil kunne vere konfliktfylt for andre brukarar. Vi kan ikkje sjå at snøscooterløypene vil kunne ta unna heile behovet for motorsport. Slike aktivitetar bør kanalisert til anlegg/areal spesielt opparbeidd for dette.

Fylkesmannen vil tilrå at ein arbeider vidare i t.d. ei partssamansett gruppe for å setje høvelege tekniske avgrensingar for snøscooter i løypene.

Erfaringar frå snøfattige område viser slitasje på underliggande terreng. Ein bør fastsetje siste dato for køyring for å unngå slik vårslitasje. Denne vil naturleg nok kunne variere sterkt over landet, og 5. mai kan vere for seint nokre stader, jf. forskr. § 9.

Kontroll

Det vil vere behov for ekstra tilsyn med ordninga. Verken kommunar eller politi har store ressursar til slik oppfølging. Også Statens naturoppsyn er låst til andre oppgåver, og vi vil sterkt frårå å omdisponere knappe ressursar for å følge opp ordninga. Det bør følgje friske midlar med ei lov- og forskriftsendring.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Ola Betten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Fylkesmannsembeta
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM